



# Fedje kommune

## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 14.02.2023  
**Møtestad:** Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 20:30

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Gidske Borge Kolltveit	Ap
<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Hans Erik Waage	Ap

---

Følgjande møtte frå administrasjonen:

Berit Karin Rystad, Kristin Handeland, Pål-Erik Holgersen

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møtebok
003/23	Referatsaker
004/23	Delegerte saker
005/23	Budsjettrullering ved årsavslutning 2022
006/23	Formidlingslån frå Husbanken 2023
007/23	Sal av Stormarksvegen 7, det gamle posthuset
008/23	Fedje kommune - mottak av flyktningar i 2023
009/23	Klage på vedtak om kulturmidlar for 2022
010/23	Delegering frå valstyret
011/23	Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte Landsbykafeen
012/23	Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte. Fedje Island AS. Pernille
013/23	Medarbeidarsamtale
014/23	Eventuelt

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	22/525

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
001/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 001/23

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	22/525

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
002/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 15.12.2022

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Formannskapet - 002/23

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedtek.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/525

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Referatsaker

### Underliggjande saker:

003/23.1. Møteplan for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune i 2023

003/23.2. Årsmelding frå Miljøretta helsevern 2022

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 003/23

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/525

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Delegerte saker

### Underliggende saker:

042/22. <Søknad om oppføring av tilbygg, utviding av eksisterende terrasse, samt fasadeendring - Gnr 168 Bnr 322. Svar på søknad

Søknaden om oppføring av tilbygg i tilknytning til stove vert godkjend slik søknaden viser.

Søknaden om å utvide terrassen langs vestveggen vert godkjend slik søknaden viser.

Fasadeendringa som vert som resultat av oppføring av tilbygget, godkjennast.

041/22. Byggesak Gnr 168 Bnr 394 - Kopper - Rehabilitering av skorstein - Svar på søknad

Søknad om rehabilitering av skorstein, Kopper 8, vert godkjend.

Samnøy Maskin AS sin søknad om ansvarsrett for heile tiltaket, vert godkjend.

057/22. Skjenkeløyve 26.12.2022

Fedje idrettslag får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe I,II, og III. Løyvet gjeld innomhus i Fedje fleirbrukshall, 26.12.2022. Skjenketid er sett frå klokka 1900 til klokka 0200.

Styrrar for løyvet er Helge Stokholm.

001/23. Skjenkeløyve 21.01.2023

Vesttun Bygdelag får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe I og gruppe II. Løyvet gjeld innomhus i Vesttun Bygdelag sine lokale 21.01.2023. Skjenketid er sett frå klokka 1900 til klokka 0200.

Styrrar for løyvet er Paul Ingvar Husa.

002/23. Einskildhøve skjenkeløyve Vesttun Bygdelag 20.05.2023

Vesttun Bygdelag får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe I og gruppe II. Løyvet gjeld innomhus i Vesttun Bygdelag sine lokale 20.05.2023. Skjenketid er sett frå klokka 1900 til klokka 0200.

Styrar for løyvet er Marie Stokholm.

005/23. Einskildhøve skjenkeløyve Vesttun Bygdelag 25.02.2023

Vesttun Bygdelag får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe I og gruppe II. Løyvet gjeld innomhus i Vesttun Bygdelag sine lokale 25.02.2023. Skjenketid er sett frå klokka 1900 til klokka 0200.

Styrar for løyvet er Helge Stokholm.

004/23. Einskildhøve skjenkeløyve Vesttun Bygdelag 11.03.2023

Vesttun Bygdelag får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe I og gruppe II. Løyvet gjeld innomhus i Vesttun Bygdelag sine lokale 11.03.2023. Skjenketid er sett frå klokka 1900 til klokka 0200.

Styrar for løyvet er Marie Stokholm.

010/23. Einskildhøve skjenkeløyve Vesttun Bygdelag 08.04.2023

049/22. Svar på søknad om pendlartilskot

Tone Sævi får 4284,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

051/22. Svar på søknad om pendlartilskot

Kjersti Nilsen Torstensen får 2142,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

047/22. Svar på søknad om pendlartilskot

Jos Verhofstad får 5355 i pendlartilskot for andre halvår 2022.

052/22. Svar på søknad om pendlartilskot

Mathias Gullaksen får 5355,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

045/22. Svar på søknad om pendlartilskot

Jan Berge får 5355,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

046/22. Svar på søknad om pendlartilskot  
Jürgen Verhofstad får 1934,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

048/22. Svar på søknad om pendlartilskot  
Peder Bøstrand får 5355,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

050/22. Svar på søknad om pendlartilskot  
Ragnhild G. Husa får 4284,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

053/22. Svar på søknad om pendlartilskot  
Laila Byrkjeland Husa får 5355,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

054/22. Svar på søknad om pendlartilskot  
Roy Asle Tungland får 4284,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022.

055/22. Svar på søknad om pendlartilskot  
Monica Thomassen Waage får 5355,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2022

056/22. Tildeling av bustad  
Kaja Kleppe Johannessen får tildelt bustad frå 01.01.2023.

060/22. Gbnr 168/16 - Vedtak arealoverføring  
**Saksutgreiing:**

Saka gjeld frådeling av om lag 250 m2 som tilleggsareal til eksisterande bustadeigedom gnr 168/77.  
Eksakt storleik vert endeleg avgjort ved kartforretning.

#### **Vedtak**

Jorunn Berit Tangen får løyve til dela frå om lag 250 m2 i samsvar med kartskisje vedlagt søknaden.  
Omsøkt areal skal nyttast som tilleggsareal til gnr 168/77.

062/22. Gnr 168 bnr 12 Søknad om frådeling av omlag 200 m2 som tilleggsareal til gnr 168/215



Søknaden om å dela frå to mindre parsellar på til saman omlag 200 m<sup>2</sup> som tilleggsareal til gnr 168/215, vert godkjend på fylgjande vilkår:

- Dei endelege grensene vert fastlagte under kartforretninga.

044/22. igangsettingsløyve - 02 Eablering av røyrlegging i sjø

Me syner til saksutgreiinga. I medhald av plan- og bygningslova vert det gjeve igangsetjingsløyve for legging av røyrleidning i sjø.

**ABO Plan & Arkitektur** vert godkjend som ansvarleg søker Tiltaksklasse 2

**Subsea 7 Norway AS** vert godkjend som ansvarleg føretak for PRO/UTF Tiltaksklasse 2

**Equinor ASA** vert godkjend som ansvarleg føretak KPR/KUT Tiltaksklasse 2

063/22. Søknad om dispensasjon frå kommuneplan vedk. vegutbetring for FV 5510. Søknad om arealoverføring fra gnr 169/1 og 151 og fra gnr 168/3, 122 og 335

Søknaden om å dispensere frå kommuneplanen vert godkjend, jfr pbl §19-2.

Grunngjeving: Omsøkte utbetringstader er av mindre omfang og består stort sett av vegskjæring/fylling som no vert utvida for å betre trafikktryggleiken. Utvidinga vil ikkje hindre dei eigedomane som er involverte i dette utbetringssprosjektet, i å utnytte eigedomen vidare.

Søknadane om arealavståing for omsøkte utbetringstiltak vert godkjend slik søknadane viser.

043/22. Søknad om å legge ut flytebrygge - Gnr 168 Bnr 16 - Sjønes - Igangsettingsløyve

I samsvar med formannskapet sitt vedtak 12/21, dagsett 09.02.2021, vert igangsettingsløyve for tiltaket godkjend med dei vilkåra sett i f. sak 12/21 og av Bergen Havn.

Jorunn Berit Nygård vert godkjend som ansvarleg for heile tiltaket, jfr pbl §20-4 pkt e.

009/23. Søknad om igangsettingsløyve - Utviding av gravplass

Søknaden om igangsetjingsløyve for utviding av gravplassen ved Bøgardsvika, dagsett 16.01.2023, vert godkjend.

Samnøy Maskin AS vert godkjend som ny ansvarleg søker.

Samnøy Maskin AS vert godkjend som ny ansvarleg prosjekterande for grunn- og terrengarbeida.

007/23. Søknad om mellombels bruksendring frå fritidsbustad til bustad - Gnr 168 Bnr 479 - Kopper 18

I samsvar med pbl §20-1 første ledd bokstav d) vert søknaden godkjent på fylgjande vilkår:

- Løyve vert mellombels fram til 31.12.2027.

012/23. Søknad om mellombels bruksendring frå fritidsbustad til bustad - Gnr 72/158 Stormark  
Skriv vedtak her

040/22. Søknad om oppføring av bod - Gnr 172 Bnr 155. Stormark55

Søknaden om å føre opp bod, storleik 28.5 m2, som også vert delvis liggjande på bnr 223. vert godkjend

008/23. Søknad om riving av eksisterende bustad som er brukt som fritidsbustad og Søknad om rammeløyve for oppføring av nytt bustadhus - Gnr 168 Bnr 9 - Mulevegen 50  
Søknaden om å rive eksisterende bustadhus vert godkjend på fylgjande vilkår:

- Det skal sendast inn søknad som ansvarshavande for heile rivingsarbeidet før riving startar opp.
- Dersom bygget er over 100 m2 skal det utarbeidast avfallsplan.
- Rivingsavfall skal leverast på godkjend mottak og kvittering skal sendast kommunen.

Søknaden om rammeløyve for oppføring av bustad vert godkjend på fylkjande vilkår:

- Arkoconsult AS, Pb 103, 5291 Valestrandfossen vert godkjend som ansvarleg søker
- Arkoconsult AS, Pb 103, 5291 Valestrandfossen vert godkjend om ansvarleg PRO
- Det skal sendast inn søknad som ansvarleg kontrollerande for PRO
- 

### **Saksutgreiing:**

### **Forslag til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 004/23

### **F - behandling:**

Bjørn Solbakk (Frp) stilte spørsmål med sin gildskap i saka, han har ein søknad som er referert i saka.

Formannskapet meiner at Bjørn Solbakk ikkje er ugild i saka sidan dette er saker som er delegert til kommunedirektøren. Formannskapet tek saka til orientering.

**F - vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-153	22/246

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/23	Formannskapet	PS	14.02.2023
	Kommunestyret	PS	

Budsjettrullering ved årsavslutning 2022

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Årleg budsjettregulering ved årsslutt. Det er eit krav at kommunestyret skal gjera vedtak om endringar i budsjettet.

	INVESTERING	Budsjett	Endring	Nytt budsjett	MVA
Sjukeheim	<b>261005 – VØLING AV TAK</b> <b>Kommentar:</b> <i>Prosjektet er utsett etter vurdering frå byggfagleg instans (Aarland AS)</i>	500'	-500'	0'	JA
Sjukeheim	<b>261007 – NY YTTERDØR, LEGEKONTOR</b> <b>Kommentar:</b> <i>Prosjektet blei dyrare då det blei avdekka at ein måtte gjere eit større arbeid enn forutsett i samband med skifte av ytterdør</i>	200'	324'	524'	JA
Sjukeheim	<b>261008 – FEDJE HELSETUN</b> <b>Kommentar:</b> <i>Prosjekt vidareført til 2023 på grunn av manglande kapasitet og kompetanse</i>	500'	-500'	0'	JA
Komm.-næring.	<b>320002 – NYTT HJELPEMIDDELLAGER</b> <b>Kommentar:</b> <i>Kommunene måtte etablere nytt lager fordi det viste seg at utstyret blei skada av fukt, for lite areal som førte til skader på utstyret etc i det gamle lageret. Dette var eit krav frå NAV og det var ikkje lagt inn i budsjettet for 2022.</i>	0'	266'	266'	JA
Avløp	<b>353001 – PUMPESTASJON, KOPPER</b> <b>Kommentar:</b> <i>Prosjekt vidareført til 2023 på grunn av manglande kapasitet og kompetanse</i>	700'	-700'	0'	NEI
Natur og friluft	<b>360005 – NORDSJØLØYPA</b> <b>Kommentar:</b> <i>Prosjektet vart ikkje ferdig i 2022 som planlagt.</i>	1 700'	-861'	839'	JA
Fleirbr. hallen	<b>381200 – BOWLINGANLEGG</b> <b>Kommentar:</b> <i>Utgifter på 50'. For lite for investering.</i>	250'	-250'	0'	JA
Gravplass	<b>393003 – UTVIDING AV GRAVPLASSEN</b> <b>Kommentar:</b> <i>Prosjekt vidareført til 2023. Prosjektet realiserast i 2023. Skal være ferdig i oktober 2023</i>	1 000'	-605'	395'	JA
	<b>SUM</b>		<b>-2 826'</b>		

	<b>FINASIERING</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endring</b>	<b>Nytt budsjett</b>	<b>MVA</b>
	<b>315006 – SAL AV EIGEDOM</b> <b>Kommentar:</b> <i>Husøyna 23 – 1 000'</i> <i>Husøyna 51 – 600'</i> <i>Div råtomt. – 266'</i>	0	-1 866'	-1 866	
	<b>8410 – MOMSKOMPENSASJON</b> <b>Kommentar</b> <i>Reduksjon av mva-grunnlag</i>	-850'	449'	-401	
	<b>8700 – LÅNEOPPTAK</b> <b>Kommentar:</b> <i>Ikkje lenge behov for låneopptak</i>	-2 000'	2 000'	0'	
	<b>8800 – INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b> <i>Bruk av ubundne investeringsfond</i>	-2 400'	2 243'	-157'	
	<b>SUM</b>		<b>2 826'</b>		

**Forslag til vedtak:**

Budsjettendringane vert vedteke jamfør oversikta i tabellane.

Formannskapet - 005/23

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Budsjettendringane vert vedteke jamfør oversikta i tabellane.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-024, FE-251	21/75

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/23	Formannskapet	PS	14.02.2023
	Kommunestyret	PS	

Formidlingslån frå Husbanken 2023

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Ved årskiftet 2022/2023 er det behov for utlånsmidlar som strekkjer seg ut over det Fedje kommune har til rådvelde i dag..

Per. 1. februar 2023 er det under handsaming søknadar for til saman 1.800.000. Søknadsfrist for Husbanken si behovsmelding gjekk ut 31. januar 2023, men etter avtale med Husbanken har dei opna får å ettersende behovsmedinga så snart det ligg føre vedtak i kommunestyret.

#### Vurdering

Dei som no søker formidlingslån i Fedje kommune er i målgruppa som Husbanken prioriterer ved tildeling av utlånsmidlar.

Folkehelse: Gjev dei som fell utanfor bustadmarknadene moglegheit til å etablera bustad.

Miljø: Ikkje aktuelt

Økonomi: Lånet vert formidla vidare til søker. Dei dekkjer renter og avdrag. Kommunen tek ikkje administrasjonsgebyr eller påslagsrente. Husbanken garanterer for 75 % av beløpet – kommunen for dei resterande 25 %.

#### Konklusjon

For å komme i møte dei søknadane som ligg til handsaming tek Fedje kommune opp lån for vidareutlån på til saman 2.000.000

Føring i investeringsbudsjettet for 2021:

K)39120.4000.2830      2.000.000

D)35220.1000.2830      2.000.000

#### Forslag til vedtak:

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.000.000,- (to millionar) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

Formannskapet - 006/23

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.000.000,- (to millionar) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad		23/78

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Sal av Stormarksvegen 7, det gamle posthuset  
Opsjon på å kjøpe Stormarksvegen 7, Søsterselskapet AS

Vedlegg:  
Opsjonsavtale for gnr\_bnr 168\_57  
Forlenging av opsjonsavtale (2)  
Kjøp av Posthuset

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Fedje kommune gjorde den 14. april 2021 avtale med Søsterselskapet om opsjon på å kjøpe Stormarkvegen 7, det tidlegare postkontoret. Retten til å kjøpe eigedomen gjeld til 1. juni 2022. Førre kommunedirektør Olav Mongstad ga utsetting av utløyising av opsjonen til 1. august 2022.

Det tok noko tid å få klargjort Stormarkvegen 7 på grunn av eit leigeforhold som måtte avsluttast. Salet er difor ikkje blitt gjennomført som planlagt.

Den 2. februar 2023 vart det gjennomført eit møte mellom Fedje kommune og Søsterselskapet AS. Ordførar og kommunedirektør deltok frå Fedje kommune. Søsterselskapet AS stilte med Anne Koppang, prosjektleiar i Fedje Island AS Bente Holm og prosjektleiar Siri Fahlvik Pettersen i Feddie Ocean Distillery AS.

Søsterselskapet AS ynskjer å gå vidare på ideen om å etablere ein variant av «Sisters In Business» («Sisters and Brothers In Business») som skal kunne gi varige arbeidsplassar til dei ukrainske flyktningane (sjå vedlegg til saka).

Søsterselskapet ber difor om å få utsett opsjonen i eit år, og at dette året blir brukt til å finne ut om det er liv laga for ein møteplass/arbeidsplass for ukrainarane på Fedje. Posthuset vil då være i bruk som kombinasjon av bustad og etablering av arbeidsplassar for ukrainarane i næringsdelen av Posthuset. Søsterselskapet vil leige Posthuset av kommunen i eit år.

Søsterselskapet har tidlegare (2021) hatt møte med ordførar og rådmann om etablering av «Sisters In Business» bedrift på Fedje. Tanken var den gang at dei skulle få etablert ei eiga avdeling av «Sisters In Business» på Fedje. Flyktningane skulle komme frå Nordhordland/Bergen.

<https://www.sistersinbusiness.no/butikk/sider/om-oss>

Dette prosjektet blei lagt på is. Det var vanskeleg å «hente» flyktningar i målgruppa til Fedje på dette tidspunktet.

### Vurdering

Fedje kommune har hatt mykje arbeid og diverse utgifter for å legge til rette for å løyse ut opsjonen

og selje «Posthuset» til Søsterselskapet AS. I tillegg har kommunen brukt midlar til advokat for å kunne avslutte eit leigeforhold i Stormarkvegen 7. Det er difor uheldig at salet ikkje blir gjennomført slik som planlagt.

Samtidig ser kommunedirektøren at eit samarbeid om å legge til rette for varige arbeidsplassar for flyktningane vil være nyttig. Det er vanskeleg å få til varige arbeidsplassar for flyktningane frå Ukraina. Det er no viktig at kommunen lukkast med å legge til rette for arbeid etter at flyktningane har gjennomført språkpraksis. Viss ikkje kommunen lukkast med dette, vil flyktningane etterkvart reise frå kommunen for å skaffe seg arbeid. Kommunen treng vekst i folketalet, og vi ynskjer at flyktningane skal etablere seg i kommunen. Dei vil være ein ressurs for lokalsamfunnet på mange forskjellige måtar.

#### Folkehelse

Etablering av «Sisters and Brothers In Business» vil være eit viktig grep for å gi flyktningar eit meningsfylt arbeid og skape varige arbeidsplassar.

#### Miljø

Ikkje relevant

#### Økonomi

Kommunen vil ikkje være tent med å utsette opsjonen økonomisk sett. Samfunnsøkonomisk vil det være ei god løysing om Søsterselskapet AS lukkast å skape varige arbeidsplassar til ukrainske flyktningar og eventuelle andre innbyggjarar på Fedje. Fedje kommune treng fleire arbeidsplassar som kan gjere at færre pendlar ut eller flyttar frå kommunen.

#### Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at Søsterselskapet får utsett opsjonen om å kjøpe Stormarkvegen 7 inn til eit år til 1. mars 2024. Søsterselskapet skal betale husleige for bygget fram til opsjonen løysast ut (pris må avtalast).

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å utsette opsjonen til Søsterselskapet AS om å kjøpe Stormarkvegen 7 i eit år til 1. mars 2023. Søsterselskapet skal leige huset fram til opsjonen løysast ut

Formannskapet - 007/23

#### F - behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Formannskapet avviser saka i møtet då Søsterselskapet AS i dag ikkje har opsjon på Stormarksvegen 7.

Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) vart behandla først .

#### F - vedtak:

Formannskapet avviser saka i møtet då Søsterselskapet AS i dag ikkje har opsjon på Stormarksvegen 7.

Vedteke 4 mot 1 røyst.

Stian Herøy (H) røysta mot forslaget.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Berit Karin Rystad	FE-024, FA-F30	22/485

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
008/23	Formannskapet	PS	14.02.2023
	Kommunestyret	PS	

Fedje kommune - mottak av flyktningar i 2023

Vedlegg:

Anmodning om bosetting 2023 - Fedje kommune

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Fedje kommune har motteke brev frå IMDI med førespurnad om å ta imot 30 flyktningar i 2023.

Det blei vedteke av kommunestyret å ta imot 30 flyktningar i 2022. Kommunen tok imot 24 flyktningar i løpet av 2022. Plassar som ikkje vart nytta i 2022 overførast ikkje til 2023. Personar som er søkt ut til kommunen i 2022, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2023.

For Fedje kommune vil dette gjelde tre personar. Dei er tildelt kommunen i 2022 men kjem til Fedje kommune i 2023.

Regjeringa og IMDI setter stor pris på innsatsen som kommunen har lagt ned i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar i 2022, og ber om svar på oppmoding om busetting i 2023. IMDI ber om at svaret tek omsyn til følgjande:

1. Det må kometydeleg fram av vedtaket dykkar kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2023.
2. Vi oppfordrar dykk til å fatte vedtak i tråd med talet det er oppmoda om.
3. Vedtaket må ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.
4. Vi ber også om ei vurdering av kor mange fleire flyktningar (kor av einslege mindreårige) kommunen potensielt kan busette i 2023 viss behovet aukar.
5. Vidare ber vi om ei vurdering frå kommunen av kva som skal til for å oppretthalde ein høy kapasitet for busetting i kommunen.

Frist for å svare på oppmodinga er 31.01.2023.

Fedje kommune har sitt fyrste kommunestyremøte i 2023 i februar. Det er difor bedt om utsett frist for å svare, slik at saka kan handsamast politisk.

### Vurdering

Fedje kommune er eit lite samfunn med om lag 500 innbyggjarar. For å lukkast med arbeid med flyktningar er integrering i samfunnet eit hovudfokus. Etter kommunedirektøren sitt syn har difor ikkje Fedje kommune kapasitet til å ta imot fleire enn dei 30 som er vedteke av kommunestyret at

kommunen skal ta imot.

Krigen i Ukraina har ført til at kommunane i Noreg gjer ein stor dugnad for å få busett flyktningar så snart som råd. Det er kome om lag 35 000 flyktningar i 2022 og det ventast om lag det same for 2023. Kommunedirektøren meiner difor at det no er dei store kommunane i Noreg som må ta større ansvar. Bergen kommune har til dømes teke i mot om lag 700 flyktningar i 2022. Eit anna moment som tel i denne vurderinga er kommunen sin kapasitet i forhold til bustad, språkopplæring og moglegheit for å skaffe arbeid til flyktningane. Kommunedirektøren vurderer det slik at kommunen har kapasitet til å ta i mot 6 nye flyktningar i 2023, slik at totalt tal for 2022 og 2023 blir 30.

IMDI ber om ei vurdering av kva som skal til for at Fedje kommune kan oppretthalde ein høg kapasitet for busetting i kommunen. Slik kommunedirektøren ser det så er det ikkje mogleg å oppretthalde ein vidare kapasitet for busetting i kommunen. Dette er grunngjeve med at kommunen har 500 innbyggjarar, og i forhold til integrering vil det bli vanskeleg å lukkast med ein så liten befolkning. I tillegg er kapasitet på bustader nådd. Det vil være svært vanskeleg å skaffe arbeid, og flyktningane vil måtte pendle. Det er få flyktningar som har eigen bil og kollektivtilbodet på Fedje er avgrensa.

#### Folkehelse

Kommunen gjer ein viktig jobb ved å ta i mot 30 flyktningar. Sidan vi er ein liten kommune må vi no fokusere på integrering slik at flyktningane kan få eit best mogleg liv hjå oss.

#### Miljø

Ikkje relevant

#### Økonomi

Staten bidrar med gode støtteordningar til livsopphald og språkopplæring slik at dei kommunale budsjetta ikkje skal råkast.

#### Konklusjon

Kommunestyret vedtek å ta imot 6 flyktningar i 2023. Fedje kommune har ikkje kapasitet til å ta imot fleire flyktningar, og det er grunngjeve i saksutgreiinga. Fedje kommune har gjort ein stor innsats ved å ta i mot totalt 30 flyktningar når ein ser det opp mot folketalet i kommunen.

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å ta i mot 6 flyktningar i 2023

Formannskapet - 008/23

#### F - behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Kommunestyret vedtek å ta i mot 10 flyktningar i 2023.

#### F - vedtak:

Kommunestyret vedtek å ta i mot 10 flyktningar i 2023.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-223, FA-C00	22/422

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Klage på vedtak om kulturmidlar for 2022

Vedlegg:

Fordeling av kulturmidlar 2022

Tildelingsreglement kulturmidlar

Søknad om kulturmidlar

Klage på fordeling av kulturmidlar\_20230119

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn**

Formannskapet tildelte i sak 109/22 kulturmidlar for 2022. Formannskapet delte ut totalt 110 000,- kroner i kulturmidlar. Det vart sendt melding om vedtak til søkerane 03.02.2023. Den 19.01.2023 fekk kommunen klage på vedtaket frå Vesttun Bygdelag. Vesttun Bygdelag meiner kommunen har fatta vedtaket på feil grunnlag. Formannskapet har nytta punkt 11 i tildelingsreglementet. Vesttun Bygdelag søkte om 30 000,- kroner i kulturmidlar for 2022.

**Vurdering**

I søknaden frå Vesttun Bygdelag om kulturmidlar skriv dei som grunngjeving for sin søknad at dei skal nytta midlane til å dekkja auka straumutgifter, vedlikehald som vøling av utelys, dører og anna vedlikehald. I klagen skriv Vesttun Bygdelag om dei aktivitetane dei driv med. Kva aktivitetar Vesttun Bygdelag driv med kjem ikkje fram i søknaden om kulturmidlar for 2022.

Tildelinga er gjort på bakgrunn av det som står i søknaden og dokumentasjon knytt til søknad av kulturmidlar 2022. Fedje Indremisjon ( Bedehuset), Stormark Grendahus og Vesttun Bygdelag fekk alle tildelt 3000,- kroner ut frå punkt 11 i tildelingsreglementet for kulturmidlar.

**Konklusjon:** Formannskapet opprettheldt sitt vedtak i sak 109/22. Formannskapet gjer vedtak om tildeling av kulturmidlar på bakgrunn av tildelingsreglement for kulturmidlar, søknadar og dokumentasjon som ligg ved søknadane.

**Forslag til vedtak:**

Formannskapet stadfestar sitt vedtak i sak 109/22. Tildeling av kulturmidlar for 2022. Vesttun Bygdelag får tildelt 3000,- kroner i kulturmidlar for 2022. Grunngjevinga for vedtaket er at Vesttun Bygdelag i sin søknad oppgjer at dei skal nytta kulturmidlane til å dekkja auka straumutgifter,

reparera utelys, og halda huset ved like. I tildelingsreglementet for kulturmidlar vedteke i kommunestyresak 047/03 punkt 11 i tildelingsreglementet står det: ..«Tilskot frå kulturmidlar skal ikkje gå til organisasjonar som berre driv hus/ eller leiger ut hus.»..

Formannskapet - 009/23

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Formannskapet stadfestar sitt vedtak i sak 109/22. Tildeling av kulturmidlar for 2022. Vesttun Bygdelag får tildelt 3000,- kroner i kulturmidlar for 2022. Grunngevinga for vedtaket er at Vesttun Bygdelag i sin søknad oppgjer at dei skal nytta kulturmidlane til å dekkja auka straumutgifter, reparera utelys, og halda huset ved like. I tildelingsreglementet for kulturmidlar vedteke i kommunestyresak 047/03 punkt 11 i tildelingsreglementet står det: ..«Tilskot frå kulturmidlar skal ikkje gå til organisasjonar som berre driv hus/ eller leiger ut hus.».. Formannskapet visar til at frivillige lag og organisasjonar kan søkja straumstøtte.

Samrøystes vedteke.



## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-014	22/54

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
010/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Delegering frå valstyret  
Kommune og fylkestingsval 2023

### Saksutgreiing:

### Saksutgreiing:

Valstyret i Fedje kommune må ta nokre avgjerder og delegere kurante saker, slik at me får kome i gong med å sette opp valsysteemet og planlegge gjennomføringa av kommune – og fylkestingsvalet 2023.

Mykje i samband med valet er avklart i vallova/forskrifta, men ein del skal valstyret avgjere lokalt. I år er Kristin Handeland sekretær for valstyret.

Valsysteemet heiter EVA og er levert av Valgdirektoratet.

Listeforslag skal vera kommen inn til kommunen seinast 31.03.2023 klokka 1200. Listeforslaga skal gjerast offentleg når dei er kommen inn til kommunen.

Valstyret får listeforslaga til godkjenning i møte i april, når valstyret har godkjent listene skal dei gjerast offentlege ein gong til, då som godkjente valliste.

### Tidlegrøysting:

Kan ein ikkje førehandsrøysta eller røysta på sjølve valdagen 11.09.2023, kan tidlegrøysta frå og med 03.07.2023 til og med 09.08.2023. Dei som ynskjer tidlegrøysting må ta kontakt med kommune for avtale av tidlegrøysting. Tid for tidlegrøysting er måndag til fredag frå klokka 0900 til klokka 1500.

### Førehandsrøysting:

Ved valet i 2021 vart førehandsrøystinga avhalde i Kalvedalen 1. Lokalet har universell tilgjenge. Det er planlagt ei ombygging i dette lokalet i 2023, vert ombygginga i perioden 10.08.23 til og med 08.09.2023 vert førehandsrøystinga avhalde i Mulevegen 18 i 1 etg. Det er lokala der det tidlegare var tannklinikk. Er det ikkje ombygging i Kalvedalen 1 i perioden 10.08.23 til og med 08.09.23 vert førehandsrøystinga avhalde i Kalvedalen 1. Me ber om delegert mynde til å velja lokale for førehandsrøystinga når me veit meir om ombygging av lokala i Kalvedalen 1.

Førehandsrøysting vert måndag til fredag frå klokka 0845 til klokka 1500.

Sekretariatet ber om delegert mynde frå valstyret til å avklara to laurdagar der ein kan ha ope for førehandsrøysting mellom klokka 1200 til klokka 1400.

(vallova §8-3 (2) b)

Røysta heime:

Er ein for sjuk til å komma til røystelokalet, kan ein søkja om å røyste heime i førehandsrøyste perioden frå 10.08.2023 til og med 08.09.2023. Siste frist for å røysta heime er 08.09.2023 klokka 1200. Ynskjer ein å røysta heime tek ein kontakt med valstyrets sekretær, for å søkja om heimerøysting. Får nokon avslag på søknad om heimerøysting, er det valstyrets leiar som tek endeleg avgjerd i søknaden.

Heimerøysting vert måndag til fredag, mellom klokka 0900 og klokka 1500.

Førehandsrøysting ved Fedje sjukeheim:

Ein kan førehandsrøysta ved Fedje sjukeheim 05.09.2023 frå klokka 1000 til klokka 1200.

Valting:

Fleirbrukshallen har vore nytta dei siste åra, det har etter sekretariatet si meining vore vellukka. Universell tilgjenge.

Det vert halde valting i Fedje fleirbrukshall 11.09.2023. Frå klokka 1000 til klokka 2000.

Kommunen har universelt materiell for gjennomføring av val:

Avlukke, røysesetelhalदारar, urner.

Det er difor etter sekretariatet si meining ikkje naudsynt å tinge anna materiell en nye plakatar til røystelokale.

Det som vert den største kostnaden ved valet i 2023 er:

Trykking av lister til kommunevalet, og 2 nye pcar, som skal nyttast til i valarbeidet. Grunna datatryggleik ved valet får me ikkje nytta pcar som har vore nytta til anna - til val.

I tillegg kjem godgjering valstyret, røystestyret og valmedarbeidarar.

Røystestyre, oppteljing og røystemottak

Frå 1.januar 2012 kan folk som står til val på vallister ikkje vere røystemottakarar (sitje i vallokalet) eller vere i røystestyra (telje røyster). Det er viktig å huske på at dette gjeld sjølv om ein står langt nede på ei fylkestingsliste.

Det skal vere 2 medlemmar frå røystestyret til stades i vallokalet til ei kvar tid på valdagen.

Kunngjeringar i høve tidlegrøysting, førehandsrøysting og valting vert delegert til sekretariat i valstyret.

Valstyret må ta stilling til følgjande:

Dette kjem ein attende til i april eller junimøtet.

Kven kan ta i mot førehandsrøyster? (vallova § 8-2)

Kven skal sitte i røystestyret? Leiar/nestleiar? (vallova § 4-2)

Kven skal ta i mot ambulerande/institusjonsrøysting? (2 stk.) (vallova § 8-2)

Kven skal vere røystemottakarar på sjølve valdagen? Kor mange treng ein på kvart skift? (vallova § 8-2)

Søknad om innføring i manntal mm

(vallova § 2-4, § 2-7 og § 2-8)

Rår til at kurante saker vert delegert til valstyret sin sekretær for å løpande kunne oppdatere

manntalet.

Valstyret skal leggje ut manntalet til offentleg ettersyn så snart det er klart, vanlegvis ca 15.07. Anbefalar at utlegging av manntal vert delegert til sekretariat for valstyret.

Oppteljinga vart ved sist val gjort i sosialt rom i Fleirbrukshallen. Det sikrar at publikum kan vere til stades ved oppteljing. Ved valet i 2021 vart oppteljinga strøyma. Det rår me til at det og vert gjort ved oppteljinga til kommune og fylkestingsvalet 2023. Det sikrar at folk kan sjå at alt går rett føre seg. Det er viktig å merka seg at sendinga vert utan lyd. Det er to grunna til det, den eine er at det er sperrefrist fram til klokka 2100 på valkvelden for offentleggjering av valresultat – det andre er at det er Valgdirektoratet som skal offentleggjera resultatata etter kvart som oppteljinga vert gjort.

Opplæring – det vert lagt opp til opplæring for valstyret i formannskapsmøtet i juni slik at alle medlemmane er trygge på sine oppgåver og ansvar. Det vert kurs om tidlegrøysting for dei tilsette på kommunehuset i juni, og om førehandsrøystemottak rett før 10.august. Det vert kurs om sjølve valtinget og oppteljinga for alle medarbeidarar og røystestyre i overgangen august/september.

#### **Forslag til vedtak:**

Valstyret delegerer kurante saker til valstyrets sekretær i tråd med saksutgreiinga. Valstyret vedtek klokkeslett for tidlegrøysting, førehandsrøysting, førehandsrøysting ved Fedje sjukeheim, og valting. Valstyret vedtek at ein nyttar Fedje fleirbrukshall til valting – og oppteljing av valtingsrøyster. Valstyret delegerer til valstyrets sekretær å finna lokale som vert nytta til førehandsrøysting.

Formannskapet - 010/23

#### **F - behandling:**

##### **F - vedtak:**

Valstyret delegerer kurante saker til valstyrets sekretær i tråd med saksutgreiinga. Valstyret vedtek klokkeslett for tidlegrøysting, førehandsrøysting, førehandsrøysting ved Fedje sjukeheim, og valting. Valstyret vedtek at ein nyttar Fedje fleirbrukshall til valting – og oppteljing av valtingsrøyster. Valstyret delegerer til valstyrets sekretær å finna lokale som vert nytta til førehandsrøysting. Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FA-U63	22/520

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
011/23	Formannskapet	PS	14.02.2023
	Kommunestyret	PS	

Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte Landsbykafeen

Vedlegg:

Kart uteservering Landsbykafeen

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Landsbykafeen ved Arild Mjelstad har i dag skjenkeløyve i lokala i Stormarkvegen 4, Landsbykafeen. Fedje Island AS har søkt om skjenkeløyve, Fedje Island AS har overteke Landsbykafeen frå Arild Mjelstad.

Kommunen fekk først melding om at overdraginga var frå den 15.11.2022 - seinare kom det melding om at overdraginga fann stad den 15.12.22. Fedje Island AS søkte om skjenkeløyve den 19.12.2022. Alle dokumenta i saka var kommen inn til kommunen den 16.01.2023.

Alkohollova § 1-10 overdragelse av skjenkeløyve

...Bevillingen faller bort ved overdragelse av virksomheten. Det samme gjelder ved overdragelse av alle eller en dominerende andel av aksjene eller andelene i et selskap som eier slik virksomhet. Virksomheten kan likevel fortsette på den tidligere bevilling i inntil tre måneder, så fremt bevillingsmyndigheten er underrettet om dette og det søkes om ny bevilling uten ugrunnet opphold, og senest innen 30 dager, etter overdragelsen. Dersom søknad om ny bevilling ikke er endelig avgjort av kommunen innen tre måneder, kan kommunen gi tillatelse til at det drives videre på den tidligere bevilling i inntil ytterligere en måned. Alkoholholdig drikk som inngår i varebeholdningen, kan overdras sammen med virksomheten etter forskrifter gitt av departementet.....»

Innleverte dokument i søknad:

Plan skisse lokalet levert 19.12.22

Attest for skatt og mva, levert 19.12.22

Etablererprøve levert 19.12.22

Serveringsløyve levert 19.12.22

Kunnskapsprøve i alkohol for skjenkestyrar levert 19.12.22

Arbeidsavtalar levert 19.12.22

Eigenmelding internkontroll levert 19.12.22

Melding sendt til Mattilsynet levert 19.12.22

Skatteattest for firma levert 16.01.23

Uttale frå politiet er motteke den 04.01.23. Politiet har ingen merknader til søknaden.

Uttale frå Kommunalsjef helse og omsorg er motteke 06.01.23. Kommunalsjef helse og omsorg har ingen merknader til søknaden.

## **Fedje Island AS søker samtidig om fritak for å ha avløysar for skjenkeløyvet.**

### **Vurdering**

Fedje Island AS søker om fritak frå kravet om avløysar for skjenkeløyvet - det er ikkje levert inn namn eller dokumentasjon på avløysar for løyvet dei søker om.

Dette seier Alkohollova om styrar og avløysar av skjenkeløyve:

«.....§ 1-7c. *Styrer og stedfortreder*

For hver bevilling skal det utpekes en styrer med stedfortreder som må godkjennes av bevillingsmyndigheten. Det kan gjøres unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til salgs- eller skjenkestedets størrelse. Kravet om styrer og stedfortreder gjelder ikke for bevilling til AS Vinmonopolet og for statlig bevilling etter [kapittel 6](#).

Styrer og stedfortreder må være ansatt på salgs- eller skjenkestedet eller arbeide i virksomheten i kraft av eierstilling. Som styrer kan bare utpekes den som har styringsrett over salg eller skjenking, herunder ansvar for å føre tilsyn med utøvelsen av bevillingen. I styrers fravær påhviler styrers plikter stedfortreder. Bevillingshaver må straks søke om godkjenning av ny styrer dersom styrer slutter.

Styrer og stedfortreder må være over 20 år og ha dokumentert kunnskap om alkoholloven og bestemmelser gitt i medhold av den. Dokumentasjonskravet gjelder ikke ved tildeling av bevilling for en enkelt bestemt anledning etter [§ 1-6](#) annet ledd og ambulerende bevilling etter [§ 4-5](#).....»

Kommunestyret har på alle dei faste skjenke og salsløyva fram til no hatt krav om avløysar for løyva, kommunestyret kan sjølvstøtt gje fritak frå kravet om dei ønskjer det jamfør det som står i lovteksten. Om kommunestyret gjer fritak frå kravet om avløysar på fast løyve i denne saka på grunnlag av skjeneplassens størrelse – må ein vera klar over at alle dei faste løyva ein har i kommunen dag ,kan då søkja om fritak for avløysar når dei skal søkja nye løyve i 2024.

Fedje Island AS har levert inn dokumentasjon som ein krev for at kommunestyret kan behandla søknaden, dersom kommunestyret vil gje fritak frå kravet om avløysar for skjenkeløyvet.

### **Konklusjon**

Fedje Island AS har søkt om fritak frå kravet om avløysar til skjenkeløyvet. Det betyr at denne søknaden vert ei prinsipiell sak, der vedtaket i denne saka kan leggja føringar for den alkoholpolitiske praksisen og behandlingar av søknader i framtida. På bakgrunn av det vil kommunedirektøren foreslå ulike forslag:

A:

Fedje Island AS får ikkje fritak frå kravet om avløysar for skjenkeløyvet dei søker om i lokala i Stormarkvegen 4. Landsbykafeen. Fedje Island AS får avslag på søknad om skjenkeløyve for Landsbykafeen, grunna manglande avløysar til skjenkeløyvet.

Fedje Island AS kan dersom dei leverer inn namn og dokumentasjon på avløysar driva på tidlegare eigar Arild Mjelstad sitt skjenkeløyve fram til 15.04.23. Vert det ikkje vert levert inn namn og dokumentasjon på avløysar, vil skjenkeløyve til tidlegare eigar opphøyra den 15.03.2023.

Vert det levert inn namn og dokumentasjon på avløysar, då vil søknaden verta behandla på nytt i kommunestyremøte 27.04.2023. Det betyr at Fedje Island AS vil vera utan skjenkeløyve frå og med den 16.04.2023 og inn til eventuelt nytt løyve er vedteke.

B:

Fedje Island AS får fritak frå kravet om avløysar til skjenkeløyvet. Fedje Island AS får skjenkeløyve på Landsbykafeen.

Skjenketider: Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00. Søndag og helgedagar kl. 12.00 – kl.0200

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. Løyvet gjeld frå 23.02.2023 til og med 30.09.2024.

Andreas Hagen er styrar for skjenkeløyvet.

Løyvet vert gitt på områda inne og ute som er teikna inn på plankartet.

Kommunaldirektøren si innstilling i saka vert alternativ A, avslag på søknaden grunna manglande avløysar til skjenkeløyvet.

#### **Forslag til vedtak:**

Fedje Island AS får ikkje fritak frå kravet om avløysar for skjenkeløyvet dei søker om i lokala i Stormarkvegen 4. Landsbykafeen. Fedje Island AS får avslag på søknad om skjenkeløyve for Landsbykafeen, grunna manglande avløysar til skjenkeløyvet.

Fedje Island AS kan dersom dei leverer inn namn og dokumentasjon på avløysar driva på tidlegare eigar Arild Mjelstad sitt skjenkeløyve fram til 15.04.23. Vert det ikkje vert levert inn namn og dokumentasjon på avløysar, vil skjenkeløyve til tidlegare eigar opphøyra den 15.03.2023.

Vert det levert inn namn og dokumentasjon på avløysar, då vil søknaden verta behandla på nytt i kommunestyremøte 27.04.2023. Det betyr at Fedje Island AS vil vera utan skjenkeløyve frå og med den 16.04.2023 og inn til eventuelt nytt løyve er vedteke.

Formannskapet - 011/23

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Fedje Island AS får ikkje fritak frå kravet om avløysar for skjenkeløyvet dei søker om i lokala i Stormarkvegen 4. Landsbykafeen. Fedje Island AS får avslag på søknad om skjenkeløyve for Landsbykafeen, grunna manglande avløysar til skjenkeløyvet.

Fedje Island AS kan dersom dei leverer inn namn og dokumentasjon på avløysar driva på tidlegare eigar Arild Mjelstad sitt skjenkeløyve fram til 15.04.23. Vert det ikkje vert levert inn namn og dokumentasjon på avløysar, vil skjenkeløyve til tidlegare eigar opphøyra den 15.03.2023.

Vert det levert inn namn og dokumentasjon på avløysar, då vil søknaden verta behandla på nytt i kommunestyremøte 27.04.2023. Det betyr at Fedje Island AS vil vera utan skjenkeløyve frå og med den 16.04.2023 og inn til eventuelt nytt løyve er vedteke.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FA-U63	22/519

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/23	Formannskapet	PS	14.02.2023
	Kommunestyret	PS	

Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte. Fedje Island AS. Pernille

Vedlegg:

Planskisse over Pernille

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Landsbykafeen ved Arild Mjelstad har i dag skjenkeløyve i lokala i Muren 1. Pernille.

Fedje Island AS har søkt om skjenkeløyve, Fedje Island AS har overteke Landsbykafeen frå Arild Mjelstad.

Kommunen fekk først melding om at overdraginga var frå den 15.11.2022 - seinare kom det melding

om at overdraginga fann stad den 15.12.2022. Fedje Island AS søkte om skjenkeløyve den 19.12.2022.

Alle dokumenta i saka var kommen inn til kommunen den 16.01.2023.

Alkoholova § 1-10 overdragelse av skjenkeløyve

...Bevillingen faller bort ved overdragelse av virksomheten. Det samme gjelder ved overdragelse av alle eller en dominerende andel av aksjene eller andelene i et selskap som eier slik virksomhet. Virksomheten kan likevel fortsette på den tidligere bevilling i inntil tre måneder, så fremt bevillingsmyndigheten er underrettet om dette og det søkes om ny bevilling uten ugrunnet opphold, og senest innen 30 dager, etter overdragelsen. Dersom søknad om ny bevilling ikke er endelig avgjort av kommunen innen tre måneder, kan kommunen gi tillatelse til at det drives videre på den tidligere bevilling i inntil ytterligere en måned. Alkoholholdig drikk som inngår i varebeholdningen, kan overdras sammen med virksomheten etter forskrifter gitt av departementet.....»

Innleverte dokument i søknad:

Plan skisse lokalet levert 19.12.22

Attest for skatt og mva, levert 19.12.22

Etablererprøve levert 19.12.22

Serveringsløyve levert 19.12.22

Kunnskapsprøve i alkohol for skjenkestyrar levert 19.12.22

Kunnskapsprøve i alkohol for stedfortreder levert 19.12.22

Arbeidsavtalar levert 19.12.22

Eigenmelding internkontroll levert 19.12.22

Melding sendt til Mattilsynet levert 19.12.22

Skatteattest for firma levert 16.01.23



Uttale frå politiet er motteke den 04.01.23. Politiet har ingen merknader til søknaden.  
Uttale frå Kommunalsjef helse og omsorg er motteke 06.01.23. Kommunalsjef helse og omsorg har ingen merknader til søknaden.

### **Vurdering**

Fedje Island AS har levert dokumentasjon som stettar krava i Alkohollova og forskrifta, kommunestyret kan dermed behandla overføring av skjenkeløyve frå ein eigar til ein annan. I søknaden er det oppgitt at Arild Mjelstad skal vera skjenkestyrar for løyvet.

I kommunestyresak 20/22 står det fyljande som ein del av vedtaket:

«... Fedje kommune ønskjer at det er ulike skjenkestyrarar på ulike løyve, og at det er eit lokale pr. faste skjenkeløyve for å sikre forsvarleg tilsyn med etterleving av alkohollova...»

Arild Mjelstad er og skjenkestyrar ved Feddie Ocean Distillery AS. Ei bedrift eller ein person kan ha fleire skjenkeløyve, men intensjonen i Alkohollova og forskrift er at det skal vera ein skjenkestyrar for kvart skjenkeløyve.

Alle skjenke og salsløyva i kommunen går ut 30.09.2024. I inneverande sals og skjenkeperiode har kommunestyret vedteke i fleire skjenkesaker, at ein person er skjenkestyrar for fleire skjenkeløyve.

### **Konklusjon**

Kommunedirektøren rår til at Fedje Island AS får skjenkeløyve for alkoholgruppe I II og II frå og med 24.02.2023 til og med 30.09.2024.

Skjenkestyrar: Arild Mjelstad avløyser for skjenkeløyve: Sue Janne Alsaker.

Kommunestyret - 036/20

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "  
Kommunedirektøren rår til at ved revisjon av alkoholplanen for perioden 2024 – 2028, legg ein inn eit krav om at ein ikkje ønskjer at ein person er skjenkestyrar for fleire en eit løyve, i tråd med vedtaket i kommunestyret i sak 020/22.

### **Forslag til vedtak:**

Fedje Island AS får skjenkeløyve i lokala i Muren 4, Pernille. Løyvet har følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteikning, inne i lokala til Pernille i Muren 4 – og på avgrensa og oppmerka område ute.

Løyvet gjeld frå 24.02.2023 til og med 30.09.2024.

Styrar for løyvet er Arild Mjelstad og avløyser er Sue Janne Alsaker.

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "

Formannskapet - 012/23

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Fedje Island AS får skjenkeløyve i lokala i Muren 4, Pernille. Løyvet har følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteikning, inne i lokala til Pernille i Muren 4 – og på avgrensa og oppmerka område ute.

Løyvet gjeld frå 24.02.2023 til og med 30.09.2024.

Styrar for løyvet er Arild Mjelstad og avløysar er Sue Janne Alsaker.

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny"...

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Stian Herøy		23/49

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Medarbeidarsamtale  
Kommunedirektør Berit Karin Rystad

**Saksutgreiing:**

**Saksopplysningar**

Det vert halde medarbeidarsamtale med kommunedirektør Berit Karin Rystad.

**Forslag til vedtak:**

Skriv inn forslag her

Formannskapet - 013/23

**F - behandling:**

Formannskapet heldt medarbeidarsamtale med kommunedirektør Berit Karin Rystad.

**F - vedtak:**

Samtalen er unnateke offentlighet.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/525

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/23	Formannskapet	PS	14.02.2023

Eventuelt

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:

Formannskapet - 014/23

#### F - behandling:

Ordførar Stian Herøy (H) tok opp sak om bruk av symjehall, formannskapet er samd om at kommunne må få ei juridisk utgreiing om "nøkkelordning" knytt til bruk av symjehall. Kommunedirektøren hentar inn e juridisk utgreiing om saka, får ein den før kommunestyremøtet den 24.02.2023 vil saka komme opp der. Formannskapet er kjent med og samd om at får ein ei juridisk utgreiing til den 24.02.2023 vil utgreiinga komma direkte i møtet. Sak som fyrst vart drøfta i formannskapet i oktober 2022. 17. mai 2023. Vanlegvis har det vore foreldra til elevar i 4 og 8 klasse som har organisert 17. mai feiringa. I år er dei så få foreldre i 4 og 8 klasse, formannskapet meiner dei treng fleire folk til markeringa av 17.mai 2023. Ordførar Stian Herøy (H) sitt forslag er at kommunestyret vert ein del av 17. mai komiteeni 2023. Stian Herøy tek denne saka opp i kommunestyret 24.02.2023.

#### F - vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.